

"Wittgenstein og eg" - stille alvor



Torsdag 6. mai 2004 vart "Wittgenstein og eg" vist fram i Luster. Dette er ei reise gjennom John sitt liv, sett med diverse skråblikk frå Ludwig Wittgenstein sine verk.

Dette er forteljinga om ein gut som vert definert som eit "problembarn" i heimemiljøet. Han kjem på institusjon langt heimanfrå, og kjem etter kvart attende til ein heimkommune som no er i stand til å ta i mot han på ein god måte.

Sjølv om livet hans har vore fullt av meir eller mindre mislukka inngripande tiltak, og ekspertar som kanskje mangla den nødvendige innsikt i eit menneske sine grunnleggjande behov, er forteljinga fri for sjølvsgade sentimentalitetar.

Men under det heile anar me sår saknad etter heimemiljøet og eit godt liv nær sine røter.

Ny førestilling til hausten

Alle som gjekk glipp av denne førestellinga i det fine vårværet vil få ein ny sjanse til hausten. Ein har planar om å setja den opp att i Luster i oktober-november. Alle som er opptekne av at alle innbyggjarar, uansett handicap, skal ha eit godt liv i kommunen, vil ha mykje att for å sjå førestellinga.

"Wittgenstein og eg" - side 2



Kåre Moe starta førestellinga med ein minikonsert på fire melodiar. Han og mora nytta då òg høvet til å fortelja forsamlinga at han no hadde prøvespela og var godkjend som organist ved Grieg-akademiet. Dette har vore ein draum for Kåre og familien hans i mange år, og det passa rett godt at ein av melodiane han framførte var "Har en drøm".



John og Roland Schwarz tok så over førestellinga, og tok forsamlinga med på ei reise gjennom John sitt liv. Linjene vart trekt både til Wittgenstein sine verk, og til han som person og det livet han levde. Som John kunne nok han òg med rette seia at "eg sit på livet som ein dårleg rytta på ein hest". Han vart oppfatta som noko av ein særing, og ofte måtte nok livet arta seg vanskeleg for han. Men dette forhindra ikkje at han laga noko av dei mest framtrudande verk ma. innafor språkfilosofi som me kjenner til. Wittgenstein var ellers eit multigeni, som har gjeve viktige bidrag til vår nyare forståing innafor ulike andre fag, som td. matematikk.

Wittgenstein budde til saman ca. 2 år i Luster, fordelt på fem ulike periodar frå 1913 til 1950.

Forteljinga til John er ei forteljing fri for unødig sentimentalitet, men under det heile anar me "det stille alvor": Det har nok vore mange tunge stunder for ein ung gut som vert send avstad til ein institusjon langt borte, og likeeins for far og mor som ikkje fekk høve til å fostra opp sonen i sitt eige heimemiljø. Heimlengten resulterte i at John søkte om å få koma til den næraste institusjonen i Sogn og Fjordane fylke, nemleg Granlia i Balestrand. Hit flytta han midt på åttitalet.

"En nokså liten tanke kan fylle et helt liv" (L.Wtg.)

Wittgenstein var oppteken av korleis ord og tankar heng saman, og korleis ord fører til handlingar. Han seier at : "En må av og til ta et uttrykk ut av språket, bringe det til rensing og så kan en bringe det tilbake igjen": Når John og Roland i arbeidet med denne førestellinga har gått gjennom tusenvis av sider med arkivmateriale, har dei kome over dokument der John er definert som "problembarnet John". Og me må undrast, - kva skil eit "problembarn" frå "eit vidunderleg barn", og er dei kanskje ikkje begge vedunderlege på sin måte for sine næraste?



Forteljinga er i det heile spekka med uttrykk og sitat etter Wittgenstein, som den som kjenner John godt utan vidare vil nikka gjenkjennande til:

"Han vil ikke.... Betyr: det er i hans makt"

"Bring et menneske i feil atmosfære, og ingenting kommer til å fungere. Det kommer til å virke "usunt" i alle sine deler. Bring han tilbake i hans rette element, og han kommer til å utfolde seg og virke sunn igjen".

"Å klare meg uten andres sympati er helt umulig for meg, for i den forstand har jeg for lite av et selv."

Forteljinga tek oss med fram til dagens situasjon, der John bur i eigen heim, og er eit kjent og kjærte innslag i bygdebiletet i Gaupne.

Til slutt vart videoen "ATS, - the movie" vist fram, og forsamlinga vart boden å smaka på dei kjende rundstykkka frå ATS.